

Notat

Frå: Næringsavdelinga

Til: Hovudutval for plan og næring

Strategisk Høgskuleprosjekt 2014 - 2017

Notatet handlar om...

Høgskulen i Sogn og Fjordane ønskjer fylkeskommunal deltaking i eit strategisk høgskuleprosjekt innan fornybar energi. Den økonomiske utfordringa er 1,7 millionar fordelt på åra 2015 – 2017. Poenget med notatet er å informere om initiativet, og å forankre ei tilbakemelding til høgskulen.

Omtale av initiativet

I 2014 lyser Norges forskningsråd ut midlar til strategiske høgskuleprosjekt (SHP). Ordninga vert avslutta etter denne utlysinga. Dette er store prosjekt som er spesielt berekna på dei regionale høgskulane og dei utfordringer dei og regionane dei inngår i står overfor.

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF) ønskjer å søkje på dette som oppfølging av deira langsiktige oppbygging av eit forskingsprogram om fornybar energi i Sogn og Fjordane. Dei omtalar desse fasane, der fase 4 gjeld dette prosjektet, slik:

- Fase 1 Kraftselskapa/Sparebanken (2008-2012): Professorat, bachelorprogram og dei første stipendiatane.
- Fase 2 INU-prosjektet (2010-2013): Masterprogram (under planlegging), fleire stipendiatar og forankring av forskingsprogrammet i Sogn og Fjordane.
- Fase 3 CenSES (2011-2015): Forankring i det nasjonale forskingsmiljøet, deltaking på nasjonale forskingsprosjekt og doktorgradsprogram.
- Fase 4 Strategisk høgskuleprogram (2014-2017): Halde på posisjonen regionalt og nasjonalt, få ein samarbeidsavtale om forskning og utdanning med NTNU, nærme oss det internasjonale forskingsmiljøet i EU, få på plass nye stipendiatar og eit nytt professorat.


Totalbudsjettet for prosjektet er 23,65 millionar kroner. HISF bidrar med tre millionar og søker forskningsrådet om 15,55 millionar. HISF vurderer at sjansane for å få eit SHP aukar vesentleg med regionalt engasjement og finansiering. Ut frå dette og sonderingar vert SFE, sparebankstiftinga og fylkeskommunen utfordra til å bidra med 1,7 millionar kroner kvar over ein treårs-periode. Det er også peika på Hydro og Statkraft, og at eventuelt bidrag frå dei vil redusere nivået frå dei andre. Programmet vil, i tilfelle det når opp, starte januar 2015 og vare til desember

2017. Fylkeskommunen er dermed utfordra til å delta med 600 000 kroner i 2015, tilsvarande i 2016 og 500 000 kroner i 2017.

Søknaden tek utgangspunkt i ei politisk målsetting (nasjonalt og internasjonalt) om auka produksjon av fornybar energi. Vidare at det er for lite kunnskap om lokale konsekvensar for økonomi, samfunn og miljø av auka utbygging, og at det er for lite merksemd rundt å finne ein balanse mellom desse tre dimensjonane.

Det overordna forskingsmålet er auke kunnskapen om dei lokale konsekvensane for økonomi, samfunn og miljø for å sikre at nye fornybare energiprojekt blir bærekraftige. Utdanningsmåla for prosjektet er to til tre PhD-ar og to postdoktorar/forskarar.

I eit arbeidsdokument er arbeidspakkane i SHP-søknaden skissert som følgjer.



Vurdering

Politiske signal frå regjeringa tilseier ambisjonar om større og sterkare einingar innan universitets- og høgskulesektoren. Forsking og eit godt høgskuletilbod i fylket er viktig. Fornybar energi er eit område der fylket har både tradisjonar og utviklingspotensial. Eit godt FoU-miljø innan sektoren må vurderast som eit aktivum.

Det er difor mykje som talar for at fylket skal engasjere seg i dette. Noko som talar mot, er at høgskulesektoren ikkje er eit fylkeskommunalt ansvar, men på dette området har det vore resonnert pragmatisk ved tidlegare høve.

Den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen tilseier likevel at det er vanskeleg å sette av ressursar til dette. Fylkeskommunen går trongare tider i møte, og har dermed i liten grad høve til å ta på seg nye økonomiske forpliktingar. Sjølv om initiativet i seg sjølv er positivt, er det difor vanskeleg å gje signal om at fylkeskommunen kan ta den utfordringa HISF har kome med.